

## Totland + Steinestø i Masfjorden



Av Livar Aksnes  
livar@strilen.no

MASFJORDEN. Det er no klart at Karstein Totland frå Høgre vert ny ordførar i Masfjorden, og at Marit Steinestø frå Kristeleg Folkeparti held fram som varaordførar.

– Dette er no avklart med KrF og Venstre, og me forhandlar også med andre parti i kommunestyret for å få støtte for dette, seier Høgre-leiar John Torsvik til Strilen.

Men med dei tre partia som no

stiller seg bak, har ein fleirtal i kommunestyret.

Både ordførar og varaordførar har ei rekkje periodar bak seg i kommunestyret.

Karstein Totland kjem frå Andvik, medan Marit Steinestø bur på Solheim.

Det er førebels ikkje heilt avklart kven som får plass i formannskapet.

Seks parti er representerte i kommunestyret, men der er berre fem plassar i formannskapet, og fire parti har to representantar kvar.



**ORDFØRAR:** Karstein Totland tek over som ordførar i Masfjorden. (Arkivfoto)



**VARAORDFØRAR:** Marit Steinestø held fram som varaordførar. (Arkivfoto)

### Opne hus på Sletta

RADØY: I dag er det opne hus på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta. Det vert også mange aktivitetar retta mot born, mellom anna skyting med pil og boge, indianartelt og laging av reiskarar i stein på steinaldermåten. Ein kan også sjå utstillinga «Min første skuledag» i skulehuset.

# Svart år på Flatøy

MELAND: Frank Mohn Flatøy AS hadde eit svært dårleg år i fjor, med halvering av omsetnaden og driftsunderskot på 28,2 mill kroner



## FAKTA

### Frank Mohn Flatøy

	2010	2009
Driftsinntekter:	494,0 mill.	885,8 mill.
Driftsresultat:	-28,2 mill.	36,3 mill.
Årsresultat:	-20,2 mill.	41,3 mill.
Tilsette:	324	330

### Frank Mohn Piping

Driftsinntekter:	201,4 mill.	310,8 mill.
Driftsresultat:	18,4 mill.	22,6 mill.
Årsresultat:	10,8 mill.	19,0 mill.
Tilsette:	70	86

### Frank Mohn Mongstad

Driftsinntekter:	183,6 mill.	151,7 mill.
Driftsresultat:	-3,5 mill.	-4,8 mill.